



Aukra kommune

Planomtale	
Plannamn:	Småge småbåthavn, endring 05
Type plan:	Detaljregulering
Planid:	1547202301
Saksnummer:	PLAN-23/00016
Datert:	30.10.2023
Sist revidert:	
Vedtaksorgan:	Kommunestyret
Vedtaksdato:	DD.MM.ÅÅÅÅ
Vedtaksnr.	PS-XX/XX



Innhold

1	BAKGRUNN.....	4
1.1	Føremålet med planarbeidet.....	4
1.2	Tiltakshavar, plankonsulent	4
1.3	Eigedomstilhøve.....	4
2	TILHØVET TIL ANDRE PLANAR OG RETNINGSLINER.....	5
2.1	Kommuneplanen sin arealdel.....	5
2.2	Interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika	5
2.3	Reguleringsplanar	6
2.4	Retningslinjer	7
3	OMTALE AV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE TILHØVE.....	8
3.1	Planområdet si lokalisering, avgrensing og storleik	8
3.2	Topografi	9
3.3	Dagens arealbruk	9
3.4	Kulturminne	9
3.5	Naturverdiar	10
3.6	Landbruk.....	11
3.7	Friluftsliv.....	11
3.8	Trafikktilhøve	13
3.9	Grunntilhøve	14
3.10	Forureining	14
3.11	Teknisk infrastruktur (kommunal, ekstern)	15
3.12	Barn og unge sine interesser.....	15
3.13	Universell utforming	15
3.14	Naturfare	16
4	OMTALE AV PLANFORSLAGET.....	17
4.1	Planlagt arealbruk.....	17
4.2	Reguleringsføremål.....	17
5	KONSEKVENSVURDERING	18
5.1	Risiko og sårbarhetsanalyse	18
5.2	Konsekvensvurdering.....	18
6	ØVREGE KONSEKVEN SAR AV PLANFORSLAGET	27

6.1	Kulturminne	27
6.2	Naturverdiar	27
6.3	Landbruk.....	27
6.4	Friluftsliv.....	27
6.5	Trafikktilhøve	27
6.6	Grunntilhøve	27
6.7	Teknisk infrastruktur.....	27
6.8	Barn og unge sine interesser	27
6.9	Universell utforming	27
7	PLANPROSESSEN	27
7.1	Oversikt	27
7.2	Melding om oppstart	27
8	VEDLEGG	28
	VEDLEGG 1: SJEKKLISTE FOR VURDERING AV RISIKO OG SÅRBARHEIT I SAKER ETTER PBL	28

1 BAKGRUNN

1.1 Føremålet med planarbeidet

Føremålet med reguleringsendringa er å leggje til rette for ei vidareutvikling av Småge småbåthavn med ny molo, fleire parkeringsplassar, utviding av naustområde N1, justering av naustområde N2, samt å etablere oppstillingsplassar for bobil og caravan. Delar av planområdet vert i tillegg avsett til base for oppdrettsanlegget Måsøval AS, i hovudsak gjeld dette det kombinerte bygget B/V/L og Kaiene som vert dimensjonert for servicebåtar til oppdrettsanlegget. Øvrege arealføremål vert vidareført frå gjeldande reguleringsplan med justeringar der det vert sett på som naudsynt.

1.2 Tiltakshavar, plankonsulent


Tiltakshavar er Odd Småge AS på vegne av Småge småbåtlag. Plankonsulent er Jaron Prosjekt v/Jann Reistad i samråd med arealplanleggar i Aukra kommune.

1.3 Eigedomstilhøve

Innanfor planområdet er det ein registrert heimelshavar. Det er tre naboeigedomar som grenser til planområdet, jf. tabell 1 og figur 1.

EIGEDOM	HEIMELSHAVAR	MERKNAD
4/72	Småge småbåtlag SA	Heimelshavar
4/37	Aukra kommune	Naboeigedom
4/74	Møre og Romsdal fylkeskommune	Naboeigedom

Tabell 1: Heimelshavarar og berørte naboeigedomar.




Figur 1: Kartutsnitt som viser eigedomane oppgitt i tabell 1.

2 TILHØVET TIL ANDRE PLANAR OG RETNINGSLINER

2.1 Kommuneplanen sin arealdel


I kommuneplanen sin arealdel 2016-2028, vedteken 07.06.2027, er stordelen av planområdet avsett til arealføremålet «småbåthavn» (turkis farge), «LNF - landbruks-, natur- og friluftsområde» (lys grøn farge), «H530 - omsynssone friluftsliv», samt «H320 - faresone flaum» (raud skravur). Område for ny molo ligg i eit område avsett til arealføremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag (lysblå farge), jf. figur 2.



Figur 2: Utsnitt av kommuneplanen sin arealdel 2016-2028, raud stipla linje er planavgrensinga til endring 05.

2.2 Interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika

Aukra kommune og Hustadvika kommune har under utarbeiding ein felles plan for sjøareala til kommunene, jf. figur 2.1. Delar av planområdet ligg innanfor eit areal avsett til arealføremålet «fiske», samt omsynssonene «H560_1 – bevaring naturmiljø» og «H570_26 – bevaring kulturmiljø» med forbod mot tiltak. Den interkommunale sjøarealplanen har vore til høyring og offentlig ettersyn, forventa ferdigstilling er siste halvdel av 2024. Innanfor desse områda legg reguleringsplanen til rette for etablering av ny molo, viktig for tryggleiken i småbåthavna i åra som kjem. Reguleringsplanen skal gjelde foran den interkommunale sjøarealplanen i desse områda.




Figur 2.1: Utsnitt av interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika som er under utarbeiding.

2.3 Reguleringsplanar

Det er ein gjeldande reguleringsplan heilt innanfor planområdet i dag: Småge småbåthavn mindre endring 04 (vedteken 07.06.2017, planid 1547201707, jf. figur 3.

Den opphavelge reguleringsplanen blei vedteken den 12.06.2008 (planid 1547200804), og det er seinare gjort fleire endringar av denne: **mindre endring 01**, vedteken 14.04.2010 – planid 1547201008 (endring gjort i føresegnene, auka mønehøgde på naustområde N1), **mindre endring 03**, vedteken 15.02.2012 - planid 1547201106 (endring i plankart, justering av arealføremål N1), og **mindre endring 04**, vedteken 07.06.2014 – planid 1547201106 (justering av tekst i føresegnene knytt til storleik på naustområde N1). Kommunens arealplanleggar har ikkje klart å finne henvisning til endring 02 i kommunens arkiv, truleg grunna at det er blitt brukt feil nummerering, eller at det er hoppa over eit nummer.

Det er ingen gjeldande eller pågåande reguleringsplanar som grenser til planområdet. Den nye reguleringsplanen skal oppheve og erstatte den gjeldande reguleringsplanen i si heilheit i h.h.t. reglane i plan- og bygningslova § 12-14.



Figur 3: Utsnitt av kommunens planbase som viser gjeldende reguleringsplan før endring. Raud stipla linje er planavgrensinga til endring 05.

2.4 Retningslinjer


- Handbok N100 – Veg- og gateutforming
- Handbok N101 – Rekkverk og vegens sideområder
- Handbok V121 – Geometrisk utforming av veg- og gatekryss

3 OMTALE AV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE TILHØVE

3.1 Planområdet si lokalisering, avgrensing og storleik

Planområdet ligg vest på Gossen i Aukra kommune og innanfor eigedomane gbnr 4/37 og 4/72, jf. figur 4 og 5.

Planområdet vert naturleg avgrensa av tilgrensande naboeigedomar i sør, aust og vest (gbnr 4/37), og av fylkesveg 531 i nord. Den totale storleiken på planområdet er om lag 38.8 daa, av dette utgjør eksisterande småbåthamn om lag 32 daa.



Figur 4: Planområdet si lokalisering på Gossen, vist med raud sirkel.



Figur 5: Planavgrensing, vist med raud stipla linje.

3.2 Topografi

Planområdet er relativt flatt og på samme kote rundt havnebassenget, før terrenget stiger gradvis mot plangrensa i nord/nord-vest.

3.3 Dagens arealbruk

Dagens arealbruk består av tre flytebrygger med kapasitet til om lag 40 båtar, fire gjesteplassar, eit naustområde med tre oppførte naust i rekke og ytterlegare to under oppføring, eit naustområde med to oppførte frittliggande naust, klubbhus for brukarane av småbåthavna, klubbhus for lokal dykkerklubb, parkering, tilrettelagt uteområde med benkar, samt båtopptrekk/utsett.

Småbåthavna har i tillegg anlegg for fylling av diesel, ferskvatn, for tilkobling av båtar til landstraum og container før søppelhandtering.

3.4 Kulturminne

Plankonsulent har nytta karttenesta GISLINK for å undersøke om planområdet inneheld automatisk freda eller nyare tids kulturminne, men det er ikkje funne nokre registreringar. Stordelen av planområdet er allereie utbygd og det vert derfor vurdert som lite sannsynleg at området inneheld kulturminne. Nærmaste registrerte kulturminne ligg på ei høgde i terrenget om lag 55 meter sør for naustområdet N1 og vert ikkje direkte berørt av planarbeidet.

Det er nedfelt i § 2.6 i reguleringsføresegnene at dersom det vert gjort funn av gjenstandar eller andre leivningar som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stansast og kulturvernmynde i Møre og Romsdal fylkeskommune varslast.

3.5 Naturverdiar

Plankonsulent har nytta karttenesta GISLINK for å undersøke om planområdet inneheld verneområde, naturtyper eller artar av forvaltningsmessig interesse. Planområdet vert ikkje omfatta av verneområde, og det er ikkje registrert artar av forvaltningsmessig interesse på land.

Plankonsulent har nytta fiskeridirektoratet si kartteneste for å undersøke om planområdet kan kome i konflikt med interessar i sjøområda som til dømes gyteområde, marine artar og naturtyper, marine verneområde, korallrev mv. og har funne følgjande opplysningar:


Sjøareala innanfor planområdet ligg innanfor datasettet «gytefelt torsk MB», jf. figur 5.1. Omsynet til torskens gyting innanfor dette området vert løyst gjennom ein tekst under punkt 3.2.7 i føresegnene som seier at «Tiltak i sjø skal ikkje utførast i perioden februar – april for å unngå å kome i konflikt med gyteperioden til kysttorsk».



Figur 5.1: Kartutsnitt frå fiskeridirektoratet si kartteneste som viser gyteområde for torsk med grå skravur.

Innanfor planområdet er det registrert ein naturtype i datasetta «naturtyper – DH-HB13» og «utvalte naturtyper», dette er ei kystlynghei med verdien svært viktig, jf. figur 6. Kystlynghei består av opne heier der det ikkje veks tre, men som er dominert av dvergbusker som til dømes røsslyng. Kystlyngheiene er kulturmark som er forma gjennom fleire tusen år med jevnleg avsviing av busker, rydding av skog og kratt, og dyr som beiter. Kystlyngheit er ein prioritert naturtype som er ønska bevart, og fysiske inngrep i desse områda er ikkje ønskeleg.

Utrekninga av naturtypen er noko unøyaktig og går inn på område som alt er utbygde. Dei nye tiltaka som er planlagt innanfor planområdet vil i liten grad kome i konflikt med den aktuelle naturtypen.



Figur 6: Utsnitt frå datasetta «naturtyper – DH-HB13» (venstre) og «utvalte naturtyper» (høyre).

3.6 Landbruk

Det er ikkje noko landbruksareal innanfor eller i nær tilknytning til planområdet, og planforslaget vil derfor ikkje medføre konsekvensar for landbruket. I arealressurskart (AR5) er planområdet avsett til føremålet «open fastmark».


3.7 Friluftsliv

Sjølve planområdet vert ikkje nytta til friluftsføremål, då det er betre eigna areal til dette i nærområda. Ein populær tursti går frå Småge småbåthavn om lag 300 meter vest for planområdet og vidare til Brenslen, jf. figur 7. Turen er relativt lett, og er om lag 1,4 km kvar veg.



Figur 7: Populær tursti i nærleiken av planområdet, vist med svart strek.

Planområdet grenser også til eit større område avsett til statleg sikra friluftsliv, jf. figur 7.



Figur 8: Utsnitt frå datasettet «Statlig sikra friluftsområder» (GISLINK).

Parkeringsplassar for turgåarar er tilgjengelege ved Småge fergekai. Det føreligg planar om å utvide parkeringskapasiteten på fergekaia då trafikken har auka noko etter at ferjesambandet vart gratis. I samband med reguleringsendringa skal det leggst til rette for fleire parkeringsplassar innanfor planområdet, som skal kunne nyttast av turgåarar.

3.8 Trafikktilhøve

Plankonsulent har nytta karttenesta vegkart for å finne informasjon om trafikktilhøva i planområdet.

Tilkomsten til planområdet skjer over fylkesveg 531, Stongnesvegen. Fartsgrensa på vegen er 80 km/t, og ÅDT er på 160 køyretøy, med andel tunge køyretøy på 5 %. Bussrute 561 passerer planområdet, og der det ikkje er busstopp stopper bussen langs vegen.

Det er ingen registrerte trafikkulykker på vegene i, eller i nær tilknytning til planområdet dei siste 10 åra.

Sikttilhøva i krysset mellom fylkesveg 531 og tilkomsten til planområdet vert vurdert til å vere tilfredsstillande, jf. figur 9.



Figur 9: Bildet til venstre viser siktilhøva i krysset sett mot aust, og bildet til høgre viser siktilhøva i krysset sett mot vest (bilda er tekne av kommunen sin arealplanleggar i oktober 2023).

3.9 Grunntilhøve

Berggrunnskart N50 viser at berggrunnen i planområdet består av granat-glimmergneis, og paragneis. Gneis er ein av våre vanlegaste bergartar, og er omdanna frå ein eller fleire andre bergartar etter å ha vore utsett for stort trykk og varme. Gneis er mykje brukt til byggjeråstoff og naturstein.

Lausmassekart viser at stordelen av planområdet består av humusdekke/tynt torvdekke over berggrunn. Heile planområdet ligg under marin grense. I datasettet «mulighet for marin leire» er planområde plassert i kategorien «stort sett fraværende». Utifrå opplysningane over har kommunen vurdert at det føreligg tilstrekkelig grunnlag for å vurdere områdestabiliteten i planområdet som ivaretatt, og at det ikkje er behov for ytterlegare undersøkingar knytt til grunntilhøva i området.

3.10 Forureining

Kommunens arealplanleggar har nytta tilgjengelege kartkjelder for å undersøke om planområdet kan ha vore utsett for forureining men har ikkje funne nokre registreringar. Det kan være potensiell forureiningsrisiko knytt til eksisterande bunkersanlegg for diesel.

Mogleg forureining frå eksisterande bunkersanlegg er tema i Ros-analysen som ligg som vedlegg til denne planomtalen, og vert omtalt nærmare i konsekvensvurderinga under punkt 5.2.

Planforslaget legg opp til bygging av ny molo for betre å skjerme småbåthavna frå bølger som kjem frå syd/syd-aust. Moloen blir om lag 100 meter lang og skal opparbeidast av masser frå sprenging og med masser frå eksisterande molo.

Moglege konsekvensar for natur og miljø er tema som følgje av molobygging er tema i Ros-analysen som ligg som vedlegg til denne planomtalen, og vert omtalt nærmare i konsekvensvurderinga under punkt 5.2.

Kontainer for søppelhandtering er tilgjengelig innanfor planområdet, og farleg avfall vert levert til godkjent mottak.

3.11 Teknisk infrastruktur (kommunal, ekstern)

Det er ingen kommunal infrastruktur (vann og avløp) innanfor, eller i nær tilknytning til planområdet. Eventuelle private vann- og avløpsleidningar er ikkje innmålte og er derfor heller ikkje tilgjengeleg i kommunens kartdata.

Elinett AS har el-anlegg innanfor og i nær tilknytning til planområdet, jf f. figur 10.



Figur 10: Kartutsnitt som viser Elinett AS sitt el-anlegg (kabler og luftspenn) innanfor og i nær tilknytning til småbåthavna.

Ein eksisterande navigasjonsinnstallasjon ligg der planlagt molo er tenkt etablert, denne er tenkt flytta slik at den blir plassert ytterst på den nye moloen. Tiltakshavar er gjort kjent med at dette er tiltak som kjem inn under reglane i havne og farvannsloven (Kystverket, Molde og Romsdal hamn).

3.12 Barn og unge sine interesser

Ei småbåthavn er normalt ikkje tilrettelagt for barn og unge sine interesser, samstundes er det i planforslaget lagt til rette for, og alt etablert, ein rekke tiltak som likevel gjer at barn og unge sine interesser kan vurderast til å vere tilstrekkelig ivaretekne: Innanfor planområdet er det avsett areal til friområde der det kan etablerast felles samlingsplassar. Småbåthavna har også etablert eit tilrettelagt uteområde med benkar som kan nyttast av besøkande, og har samstundes eit eksisterande klubbhus med toalettfasilitetar.


3.13 Universell utforming

Det er nedfelt i føresegnene at prinsippa for universell utforming skal leggjast til grunn innanfor arealføremåla ved utforming av bygningar, tilkomst, parkeringsplassar, køyre- og gangareal, felles areal mv. Minst 5 % av tilgjengeleg parkeringsareal bør vere tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne, med fritt areal rundt køyretøyet på 6 x 4,5 meter for å

sikre naudsynt tilkomst ved bruk av rullestolheis mv. Universell utforming er vurdert til å vere tilstrekkelig ivareteke i planforslaget.

3.14 Naturfare

Store delar av planområdet er i kommuneplanens arealdel 2016-2028 omfatta av faresone flaum (H320), jf. figur 2 under punkt 2.1 i denne teksten. Faresona framstår som noko unøyaktig og ligg på område der angitt høgde ikkje skulle tilseie at det er flaumfare. Kommunens arealplanleggjar har undersøkt oppdatert kartdata frå NVE som viser ein meir oppdatert situasjon, jf. figur 11.



Figur 11: Kartutsnitt frå NVE si kartteneste som viser aktsomsheitsområde for flaum.

Kommunens arealplanleggjar har sjekka karttenesta «se havnivå» og har funne at delar av eksisterande bygningsmasse på naustområde N1 og eksisterande klubbhus ser ut til å kunne bli oversvømt ved 200-års stormflo (nodata). Størstedelen av planområdet ser ut til å kunne bli oversvømt ved stormflo framskrive mot 2090, jf. figur 12.

I reguleringsføresegnene til planforslaget er framtidig auke i ekstremver tatt omsyn til ved at det er gitt krav om at «Bygg skal etablerast/dimensjonerast på ein slik måte at desse ikkje står i fare for å verte skada grunna stormflo og bølgepåverknad» i henhald til bygningsklasse F1, TEK17.



Figur 12: Kartutsnittet til venstre viser havnivå ved 200-års stormflo no, og kartutsnittet til høyre viser havnivå ved 20-års stormflo i 2090 (<https://www.kartverket.no/til-sjos/se-havniva/kart>).

4 OMTALE AV PLANFORSLAGET

4.1 Planlagt arealbruk

Planlagt ny arealbruk er fylgjande:

- Bygg i to etasjar der det i fyrste etasje kan etablerast lager, verkstad for båtar, maskiner og utstyr, vaskeanlegg for båtar, biler og utstyr, samt naudsynt areal til kontor. I andre etasje kan det etablerast hyblar med tilhøyrande funksjonar for innleigd personale knytt til oppdrettsanlegg
- Ny molo med lengde på om lag 100 meter
- Fleire parkeringsplassar
- Utviding av naustområde N1, og nytt naustområde N3
- Justering av naustområde N2.
- Oppstillingsplassar for besøkande med bobil og caravan
- Kaier for servicebåtar til oppdrettsanlegg

4.2 Reguleringsføremål

Planforslaget omfattar fylgjande reguleringsføremål/omsynssoner:

Bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

Uthus/naust/badehus (N1-N3)

Annen særskilt angitt bebyggelse og anlegg – klubbhus for småbåtlag og dykkerklubb (ASB1)

Annen særskilt angitt bebyggelse og anlegg – båtutsett/opptrekk (ASB2)

Kombinert bebyggelse og anleggsføremål - verksted, lager, overnatting (V/L/O)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

Veg (o_V1)

Køyreveg (p_KV1 – p_KV3)

Annen veggrunn – grøntareal (o_AVG)

Parkering (P1-P3)

Parkering for bobil og caravan (P-B/C)

Kai (KAI1, KAI2)

Molo (MO)

Grønnstruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

Friområde (FRI)

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsoner (PBL § 12-5, nr.5)

Småbåthavn (SH)

Føresegner for omsynssoner (PBL § 11-8)

Frisikt (H140)

5 KONSEKVENSVURDERING

5.1 Risiko og sårbarhetsanalyse

Plan- og bygningslova krev at det skal utarbeidast ROS-analyse i alle planer for utbygging:

«Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen med hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbygging i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap».

Det er gjennomført ei vurdering av risiko- og sårbarheit i samsvar med plan- og bygningslova § 4-3, det blir her vist til utfylt sjekklister frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal som ligg som vedlegg til denne planomtalen. Det er identifisert tre punkt i sjekklister som vil bli nærmare vurdert i konsekvensvurderinga, desse er:

- 1) Miljø/landbruk (a) – Kan tiltaket medføre konsekvensar for miljø og naturmangfald?
- 2) Miljø/landbruk (b) – kan tiltaket skape fare for akutt eller permanent forurensing?
- 3) Naturgitt forhold (f) – er området utsett for stormflod?

5.2 Konsekvensvurdering

I fylgje plan- og bygningslova § 4-2 skal planar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn innehalde ei konsekvensvurdering. Vidare går det fram av forskrift om konsekvensvurderingar § 8 a, og vedlegg II punkt 10 k at bygging av molo kjem inn under krava til konsekvensvurdering. Det er ikkje krav om planprogram, og konsekvensutredninga inngår som ein del av planomtalen.

Konsekvensvurderinga som kjem nedanfor er sett opp i tabellform, og beskriv nærmare identifiserte risikotilhøve slik det går fram av risiko- og sårbarhetsanalysa, saman med ei vurdering av sannsynlegheita for at dei skal oppstå, konsekvensane om dei skulle oppstå, samt forslag til avbøtande tiltak. Avslutningsvis vil det bli gitt ei vurdering av samla konsekvens for planområdet.

PUNKT 1	IDENTIFISERT RISIKO: MILJØ/LANDBRUK, BOKSTAV A – KAN TILTAKET MEDFØRE KONSEKVENSAER FOR MILJØ OG NATURMANGFALD INNANFOR PLANOMRÅDET?
----------------	---

Planforslaget legg til rette for at det kan etablerast ein ny molo på inntil 100 meter som er eit omfattande tiltak i sjø med omsyn til utfylling mv., som kan medføre konsekvensar for natur og miljø.

Plankonsulent har i samråd med kommunens arealplanleggar undersøkt tilgjengelege kartkjelder for å undersøke om etablering av molo kan kome i konflikt med verneområde, naturtyper eller artar av forvaltningsmessig interesse på sjø og land. Det er funne ei registrering som kan kome i konflikt med planlagt utbygging av molo, eit gyteområde for torsk, jf. punkt 4.5 i planomtalen. Denne problemstillinga kan løysast ved å legge arbeidet med bygging av moloen i eit tidsrom der den ikkje kjem i konflikt med torsken si gyting, jf. punkt 2.3.7 i føresegnene som seier at «tiltak i sjø skal ikkje utførast i perioden februar – april for å unngå å kome i konflikt med gyteperioden til kysttorsk».


Planleggar har fått fylgjande tilbakemelding frå tiltakshavar Odd Småge AS når det gjeld bygging av moloen:

Moloen er planlagt bygd i ei lengde på om lag 100 meter for å sikre tilstrekkeleg skjerming av småbåthavna frå bølger, omfanget av naudsynt utfylling er vurdert til å være om lag 21 000 m³. Utfyllingsmassene vil i hovudsak bestå av utsprengt stein henta frå eksisterande molo (om lag 4000 m³), frå utsprenging på naustområde N1 (om lag 15 000 m³), og frå utsprenging på utvida parkeringsareal (om lag 2000 m²). Skissa under viser planlagt oppbygning av moloen. Sidene må moloen er tenkt plastra, og er dimensjonert for å tole fremtidig ekstremvær. Toppdekke på moloen vil bli opparbeidd med grus inntil vidare, og med betong/asfalt på sikt.

Massene som er tenkt brukt er rene masser fra sprenging, og er ikke vurdert til å innholde så store mengder finmateriale at dette vil medføre fare for forurensing i form av tilslamming mv.

Den eksisterande småbåthavna blei mudra i 2008, og dybdeforholda i utvidelsesområdet er vurdert til å vere tilfredsstillande når eksisterande molo er fjerna.

På deler av området der ny molo er tenkt etablert er det i dag etablert ein navigasjonsinnstallasjon i form av ei stang plassert på eit skjær. I forbindelse med etablering av ny molo vil det på enden av denne bli plassert eit raudt markeringslys. Eventuelt behov for etablering av ytterlegare navigasjonsinnstallasjonar må vurderast av kystverket. Alle tiltak i sjø vil bli søkt om i henhold til havne og farvannsloven.



SANNSYNLEGHEIT	HØG	MIDDELS	LÅG
KOMMENTAR	Sannsynlegheita for at det vil oppstå ein situasjon med skade på miljø og naturverdiar vert sett til liten grunna planlagt oppbygning av moloen, og ved at det vert brukt reine masser utan for stort innhald av finkorna masse som kan medføre fare for tilslamming eller annan forureining.		

KONSEKVENNS	HØG	MIDDELS	LÅG/IKKJE RELEVANT
LIV OG HELSE			
NATUR OG MILJØ			
MATERIELLE VERDIAR			
KOMMENTAR	Etablering av molo kjem ikkje i konflikt med verneområde, naturtyper eller artar av forvaltningsmessig interesse på sjø eller land. Vidare vil utbygging av moloen foregå i eit tidsrom der den ikkje kjem i konflikt med torsken si gyting. Utifrå dette vert konsekvens for miljø og naturverdiar sett til liten.		
AVBØTANDE TILTAK	<ul style="list-style-type: none"> • Bruk av reine masser (naturlige masser som stein, grus, sand, jord, myr og leire som stammer frå område der det ikkje er mistanke om forureining). • Unngå å bruke masser som inneheld mykje finkorna materiale som kan medføre tilslamming. 		

PUNKT 2	IDENTIFISERT RISIKO: MILJØ/LANDBRUK, BOKSTAV B – VIL TILTAKET BLI RÅKA AV, ELLER KAN SKAPE FARE FOR AKUTT ELLER PERMANENT FORUREINING?
----------------	---

Innanfor planområdet er det i dag etablert bunkersanlegg for diesel, som kan medføre fare for forureining enten i samband med påfylling eller ved skade på dieseltanken.

Planleggar har fått fylgjande tilbakemelding frå tiltakshavar Odd Småge AS når det gjeld bunkersanlegget og potensiell forureining:

Bunkersanlegget består av en tank med diesel og tilhørende pumpeanlegg der det blir dradd slange med påfyllingspistol til den enkelte båt i forbindelse med påfylling. Det er montert stengeventil både ved tank, pumpe og fyllpistol. Løsningen er vurdert til å være tilfredsstillende sikra, men tiltakshavar er usikker på om sjølve dieseltanken er dobbelmantla for å kunne oppta eventuelle lekkasjar. I det vidare arbeidet ved småbåthavna vil tilstanda på den eksisterande dieseltanken bli undersøkt, og hvis denne ikkje er dobbelmantla vil det bli vurdert oppgradering til ny tank med oppsamling godkjent for fri plassering på plant underlag. Småbåtlaget bør sørge for at rutinar for førebygging og handtering av eventuell forurensing føreligg, samt sørge for at oljelenser er tilgjengelig, dette vil tiltakshavar fylgje opp. Tiltakshavar er ikkje kjent med at det har vore tilfeller av forureining frå bunkersanlegget ved tidlegare høve.

Det er utplassert avfallsdunkar ved kvar bryggeseksjon. Anna farleg avfall vert levert til miljøstasjon om det er småbåtlaget som genererer avfallet, og vert handtert av kvar enkelt medlem om det er privat avfall.

SANNSYNLEGHEIT	HØG	MIDDELS	LÅG
KOMMENTAR	Sannsynlegheita for at det kan oppstå ein situasjon på det eksisterande bunkersanlegget som kan medføre akutt/permanent forureining vert sett som liten utifrå krav til anlegg, og monterte sikkerheitsfunksjonar. Ved ei mogleg framtidig oppgradering av bunkersanlegget og utarbeiding av rutinar for førebygging av forureining kan sannsynlegheita haldast lav.		

KONSEKVENNS	HØG	MIDDELS	LÅG/IKKJE RELEVANT
LIV OG HELSE			
NATUR OG MILJØ			
MATERIELLE VERDIAR			
KOMMENTAR	<p>Det er ikkje registrert naturtyper eller artar av forvaltningsmessig interesse innanfor planområdet, men det er registrert eit gytefelt for torsk. Ved ei eventuell hending der det renn større mengder diesel ut i sjø, kan det medføre konsekvensar for torskeyngel avhenging av spreingsomfang, og konsekvensen vert derfor sett til middels. Ved mogleg framtidig oppgradering av bunkersanlegget, utarbeiding av rutinar for førebygging og handtering av forureining, og at oljelenser vert tilgjengelege kan konsekvensane begrenast.</p>		
AVBØTANDE TILTAK	<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide rutinar for førebygging av forureining frå bunkersanlegg • Utarbeide rutinar for handtering av forureining frå bunkersanlegg om det skulle skje ei hending • Oppgradere eksisterande bunkersanlegg dersom dieseltank ikkje er dobbelmantla • Sørgje for at oljelenser er tilgjengelege dersom det skjer ei hending med forurensing 		

PUNKT 3	IDENTIFISERT RISIKO: NATURGITTE FORHOLD, BOKSTAV E OG F – ER OMRÅDET UTSETT FOR FLAUM , STORMFLO OG LIKNANDE?
----------------	--

Småbåthavna er vurdert til å vere lite utsett for flaum, jf. punkt 4.14 i planomtalen.

Plankonsulent har i samråd med kommunens arealplanleggar sjekka karttenesta «se havnivå» og har funne at delar av eksisterande bygningsmasse på naustområde N1 og eksisterande klubbhus ser ut til å kunne bli oversvømt ved 200-års stormflo (nodata). Størstedelen av planområdet ser ut til å kunne bli oversvømt ved stormflo framskrive mot 2090.

Konsekvensane av ei eventuell stormflo kan begrensa dersom grunnflata på utsette bygg vert auka, at det på utsette vert nytta materiale som toler dei eventuelle påkjenningane av ei stormflo, samt at det ikkje vert etablert anlegg eller oppbevaring der vatn kan trenge inn ved ei eventuell stormflo.



Figur 12: Kartutsnittet til venstre viser havnivå ved 200-års stormflo no, og kartutsnittet til høgre viser havnivå ved 20-års stormflo i 2090 (<https://www.kartverket.no/til-sjos/se-havniva/kart>).

SANNSYNLEGGHEIT	HØG	MIDDELS	LÅG
KOMMENTAR	Sannsynlegheita for at det kan oppstå ein situasjon med stormflo vert sett til liten basert på tilgjengeleg informasjon.		

KONSEKVENNS	HØG	MIDDELS	LÅG/IKKJE RELEVANT
LIV OG HELSE			
NATUR OG MILJØ			
MATERIELLE VERDIAR			
KOMMENTAR	Konsekvensane for liv og helse, samt natur og miljø vert sett til små. Ei eventuell stormflo kan medføre skader på materielle verdiar og medføre kostnadar til reparasjon og opprydding, konsekvensane vert sett til middels då det er lite truleg at eventuelle kostnadar vil overstige 500 000 kroner. Ved å heve grunnflata på utsette bygg, nytte materiale som toler påkjenningane frå ei eventuell stormflo, samt ikkje etablere utsette anlegg eller oppbevare noko av spesiell verdi der det kan trenge inn vatn kan konsekvensane begrenast ytterlegare.		
AVBØTANDE TILTAK	<ul style="list-style-type: none"> • Unngå å opphalde seg på molo og kaier ved mykje vind og sjø • Heve grunnflate på utsette bygg • Nytt byggemateriale og føre opp bygg slik at dei toler påkjenningane frå eie eventuell stormflo • Unngå å etablere anlegg der vatn kan trenge inn, eller beskytt anlegg mot konsekvensane av ei eventuell vassinntrenging • Ikkje oppbevar utstyr der vatn kan trenge inn og medføre skader 		

6 ØVREGE KONSEKVEN SAR AV PLANFORSLAGET

6.1 Kulturminne

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for kulturminne, jf punkt 4.4

6.2 Naturverdiar

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for naturverdiar, jf. punkt 4.5.

6.3 Landbruk

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for landbruk, jf. punkt 4.6.

6.4 Friluftsliv

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for friluftsliv, jf. punkt 4.7.

6.5 Trafikktilhøve

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for trafikktilhøve, jf. punkt 4.8.

6.6 Grunntilhøve

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for grunntilhøve , jf. punkt 4.9.

6.7 Teknisk infrastruktur

Planforslaget medfører ikkje konsekvensar for teknisk infrastruktur, jf. punkt 4.11

6.8 Barn og unge sine interesser

Planforslaget er vurdert til å ta tilstrekkelig i vare barn og unge sine interesser, jf. punkt 4.12

6.9 Universell utforming

Planforslaget er vurdert til å ta tilstrekkelig i vare krava til universell utforming, jf. punkt 4.13

6.10 Naturfare

Planforslaget er vurdert til å ta tilstrekkelig i vare aktuell naturfarer innanfor planområdet, jf. punkt 4.14.

7 PLANPROSESSEN

7.1 Oversikt

Melding om oppstart av planarbeidet	29.06.2023
Merknadsfrist etter melding om oppstart	14.08.2023
Vedtak om utlegging til offentleg høyring	
Høyring og offentleg ettersyn i perioda	
Vedtak i kommunestyret	
Klagefrist etter endelig vedtak	

7.2 Melding om oppstart

Det vart meldt oppstart for endring 05 den 29.06.2023, merknadsfristen vart sett til 14.08.2023 (utvida frist grunna ferieavvikling), og det kom inn totalt 8 merknader.

Merknadane etter melding om opstart vert vedlagt saka i si heilheit og kommentert i saksframlegget til høyring og offentleg ettersyn.

8 VEDLEGG

VEDLEGG 1: SJEKKLISTE FOR VURDERING AV RISIKO OG SÅRBARHEIT I SAKER ETTER PBL

Naturgitte forhold	Er det knytt risiko til følgende element? <i>Dersom JA - kommenter i tabellen eller i egne avsnitt/vedlegg. Grunngje NEI etter behov.</i>	Ja	Nei	Kommentar	
	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?		X	
	b	Er området utsett for større fjellskred?		X	
	c	Er det fare for flodbølger som følge av fjellskred i vatn/sjø?		X	
	d	Er det fare for områdeskred av kvikkleire?		X	
	e	Er området utsett for flaum og/eller erosjon? Inkluder naudsynt klimapåslag.		X	
	f	Er området utsett for stormflod? Inkluder havnivåstigning og bøljepåverknad i vurderinga.		X	Bli nærare omtalt i konsekvensvurdinga under punkt 5.2 i planomtalen.
	g	Kan utbygginga endre eksisterande risiko for omkringliggende område?		X	
	H	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekkar, overfløyning i kjellar, osb?		X	
	i	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		X	
j	Anna (Spesifiser)?		X		

Klima-tilpassing	Er det knytt risiko til følgende element?	Ja	Nei	Kommentar	
	a	Er kunnskapen skildra i «Klimaprofil Møre og Romsdal» nytta i ROS-analysen?		X	
	b	Er klimatilpassingsdelen i «Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing» nytta i ROS-analysen?		X	
	c	Vurderer ROS-analysen om klimaendringar gjev eit endra risiko- og sårbarheitsbilete, og er denne vurderinga synleggjort?		X	
	d	Vurderer ROS-analysen korleis omsynet til eit endra klima kan ivareta kast, og er denne vurderinga synleggjort?		X	
	e	Legg ROS-analysen til grunn høge alternativ frå nasjonale		X	

		klimaframskrivingar når den vurderer konsekvensar av klimaendringar?			
f		Er det lagt vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og areal med verdi for klimatilpassing, som òg kan bidra til auka kvalitet i uteområde?		X	
g		Tek planen omsyn til behovet for opne vassvegar, blågrøne strukturar, og forsvarleg overvasshandtering?		X	
h		Vurderer planen varetaking, restaurering eller etablering av naturbaserte løysingar?		X	

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Verksemnd-- risiko	a	Omfattar planen storulukkeverksemd eller farlege anlegg?		X	
	b	Er det storulukkesverksemd/ farlege anlegg i nærleiken som kan utgjere ein risiko for planområdet?		X	
	c	Anna (spesifiser)?		X	

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Kraft- forsyning	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4µT frå høgspenliner?		X	
	b	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		X	
	c	Anna (spesifiser)?		X	

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Brann/- ulukkes- beredskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X	
	b	Har området dårleg tilkomst for naudetatar?		X	
	c	Anna (spesifiser)?		X	

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Omgjevnad	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d		X	

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Vass-forsyning	a		X	
	b		X	
	c		X	

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Sårbare objekt	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d		X	

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a		X	
	b		X	

	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		X	
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, t.d. som følge av naturhendingar?		X	
	e	Anna (spesifiser)?		X	

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Miljø/ Landbruk	a	Kan tiltaket medføre konsekvensar for miljø og naturmangfald innanfor planområdet.	X		Bli nærare beskrive i konsekvensvurdinga under punkt 5.2 i planomtalen.
	b	Vil planen/tiltaket bli råka av, eller kan skape fare for akutt eller permanent ureining?	X		Bli nærare beskrevet i konsekvensvurdingen under punkt 5.2 i planbeskrivelsen.
	c	Vil planen/tiltaket bli råka av, eller forårsake ureining i form av lyd, lukt eller støv?		X	
	d	Kan tiltaket medføre fare for spreiding av framande artar?		X	

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Er området påverka/ ureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?		X	
	c	Er det kjent forureining i området?		X	

Tilsikta hendingar	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?			
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?			
	c	Anna (spesifiser)?			

Sjekklista er gjennomgått den **10.10.2023** av sign: **Jann Reistad** (plankonsulent)